



Lars Rønnevik Wisnes  
Hældalsstølen 66a  
5225 NESTTUN

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 23/3214 - 23/49510

Saksbehandlar:  
Trygve Solberg  
trygve.solberg@alver.kommune.no

Dato:  
21.06.2023

## Ferdigattest piperehabilitering - gbnr 428/26 Fløholmen

**Administrativt vedtak:** Saknr: 665/23  
**Tiltakshavar:** Lars Rønnevik Wisnes  
**Ansvarleg søkjar:** Varme As  
**Søknadstype:** Søknad om ferdigattest

### VEDTAK

**Det vert gjeve ferdigattest for rehabilitering av pipe i hytte på gbnr 428/26. Vedtaket vert gjeve med heimel i plan- og bygningslova § 21-10.**

Ansvarleg søkjar har ordna med naudsynt sluttdokumentasjon og har erklært at tiltaket er ferdigstilt. Gjennom dette er det stadfesta overfor kommunen at kontroll er utført med tilfredsstillande resultat, og at tiltaket er utført i samsvar med krav gjeve i eller i medhald av plan- og bygningslova, og vedtak i saka datert 28.04.2023.

Det vert elles vist til søknad motteken 02.06.2023.

### Skildring

Adresse:	Fløholmen 26
Bygningstiltak:	Fritidsbygg
Bygningsnummer:	176107928
Tal på røykløp:	1

### Regeleverk

- Krav om sluttkontroll og ferdigattest følger av plan- og bygningslova (pbl) § 21-10.

## Mynde

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 5-3, 3.ledd og gjeldande delegeringsreglement.

## Klage

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker, jf. fvl § 29 (1). Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast.

Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

Ved all vidare kontakt i denne saka, ver venleg og referer til saknr.: 23/3214

Med vennleg helsing  
Alver kommune

Trygve Solberg  
Sakshandsamar

Are Frøysland Grande  
Avdelingsleiar

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

## Mottakarar:

Lars Rønnevik Wisnes	Helldalsstølen 66a	5225	NESTTUN
Varne As	Postboks 20 Kristianborg	5822	BERGEN